



HORPESTAD SKULE OG BARNEHAGE

Orrevgen 304

4352 KLEPPE

Tlf. 51 78 62 60

Fax 51 78 62 61

Epost: horpestad.skule@klepp.kommune.no

Heimeside: www.minskole.no/horpestad

VELKOMMEN TIL EIT NYTT SKULE- OG BARNEHAGEÅR!

INFORMASJON TIL HEIMANE 2011-2012



Visjon: "Med blick for den enkelte og kunnskap i fokus.

**Tryggleik
Trivsel
Tillit**

Til heimane



Velkommen til eit nytt år!

Det er alltid spennande å starta på eit nytt år.

Me har og i år laga eit hefte om informasjon til heimane. Håpar at dette vert eit nyttig reiskap gjennom året - spesielt for dei som har barn ved Horpestad skule og barnehage for første gong.

Eg ynskjer dykk alle velkommen til eit godt samarbeid til det beste for barnet dykkar.

Dag-Tellef Risdal


- rektor -

TILSETTE VED HORPESTAD SKULE OG BARNEHAGE 2011/2012

| | |
|-------------------------|--|
| Breiland, Stig Morten | Assiterande rektor og timelærer 3.trinn |
| Braut, Mariann | Fagarbeider SFO og skule |
| Dagestad, Anita | Fagarbeider i barnehage |
| Engelsvoll, Oda | Lærning i skule og Sfo. |
| Folkvord, Klara | Kontaktlærer 2.trinn |
| Fuglestad, Ruth | Ped. Leiar Bhg, småbarnsavd. |
| Eriksen, Brit | Fagarbeider småbarnsavd. |
| Hatleskog, Ruth-Kristin | Spes.ped. koord. og timelærer mellomtrinnet. |
| Haugland, Karen Marie A | Kontaktlærer 1. trinn |
| Helgeland, Arnfrid | Kontaktlærer 5.trinn |
| Håland, Heidi | Spes.ped. koord. og timelærer småtrinnet |
| Håland, Heidi | Lærning i barnehage. |
| Krokeide, Tone | Styrar bhg og ped.leiar Bhg. |
| Molaug, Grete Marie | Kontaktlærer 6. trinn |
| Osen, Evy Skår | Sekretær |
| Risdal, Dag-Tellef | Rektor/timelærer 6.trinn |
| Rosland, Veronica | Lærning bhg. |
| Rugland, Siv | Konstituert ped.leiar bhg. |
| Salte, Magnhild | Kontaktlærer 3.trinn |
| Sivertsen, Elisabeth | Fagarbeider bhg. |
| Skretting, Ellen Marie | Fagarbeider barnehage |
| Sørensen, Frank | Kontaktlærer 7.trinn |
| Torland, John Tommy | Vaktmeistar |
| Versland, Maren | Fagarbeidar barnehage |
| Wiig, Elfrid | Fagarbeider skule og skulebibliotekar |
| Ødegård, Jeanette | Kontaktlærer 7.trinn |
| Østerhus, Sven Atle | Kontaktlærer 3.trinn. |
| Årstad, Ingrid | SFO-leiar og fagarbeider skule |

ANTAL BARN VED HORPESTAD SKULE OG BARNEHAGE

Dette året har me 114 elevar ved skulen. I barnehagen har me 22 barn på stor avd. og 10 barn i småbarnsavdelingen.



ORGANISERING AV SKULEDAGEN/SFO/BARNEHAGEN

SFO frå kl. 07.00-08.10. Skulen startar kl. 08.20.

Matpause/midttide kl 10.55-11.25.

Skulen sluttar:

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|-------------|--------|--------|--------|---------|--------|
| 1.-4. trinn | 13.55 | 12.25 | 13.55 | 12.40 | 12.10 |
| 5.-7. trinn | 13.55 | 12.25 | 13.55 | 12.40 | 13.55 |

Elevane på 1.-4. trinn går 18,75 timar/veka på skulen, 5.-7. trinn går 20,25 timar/veka.

SFO-tilbod etter skuletid og fram til kl. 16.30 for 1.-4. trinn.

Elevane får utdelt detaljerte planar for det aktuelle trinnet.

Barnehagen opnar kl. 07.00 kvar dag. Me har tilbod om både heil (9 t) og kort (6 t) dag. Heil dag byrjar enten kl 07.00 og varer til 16.00. eller 07.30 til 16.30. Kort dag byrjar kl 08.00 og varer til kl 14.00. Opplegget for dagen vert bestemt for kvar dag av dei tilsette.

INFORMASJON SKULE/BARNEHAGE-HEIM

Det er eit ønskje med god kontakt om det enkelte barn heile året. **De kan ringja eller koma innom når som helst!** Ta kontakt om de lurar på noko, eller har innspel. Elles har me følgjande faste informasjonskanalar:

- Foreldremøte haust og vår
- Horpestadnytt ca anna kvar månad
- Månadsplan/årsplan barnehagen
- Månadsplan SFO
- Veke-/arbeidsplan skulen
- Heimeside på internett: www.minskole.no/horpestad



Alle elevane på 1.-4. trinn har ei **meldemappe** som informasjonen vert lagt i. Mesteparten av informasjonen frå skule til heim går som ranselpost - hugs å sjekka ranslane! I tillegg har elevane **meldebok**.

I barnehagen har kvart barn si **hylle** der me legg post. Merk at skriftleg fellesinformasjon vert sendt med **ynge** barnet om dei har søsken, så vert det mindre papir for både dykk og oss.

SKULEFRITIDSORDNING (SFO)

Skulen har tilbod om skulefritidsordning for elevar på 1.-4. trinn.

Oppseiing av heile eller deler av tilbodet kan berre skje med verknad frå 01.11., 01.01. og 01.04. 30 dagars oppseiingsfrist. Det er delt ut eigen årsplan til SFO borna og her finn dykk all informasjon om skulefritidsordninga på skulen vår..



UTESKULE 1.-3. TRINN

1.-3. trinn har uteskule fredagar i september, oktober, april, mai og juni. Då vil dei vera i skogen ved Stamsædgarden. Dette vil stå på planen. For at ungane skal ha det kjekt ute, er det viktig å vera godt kledde. Me oppmodar òg alle til å senda med sunn matpakke og vatn til å drikka. Sjå elles seinare skriv om uteskule.



FORELDRERÅDET - FAU

Foreldrerådet skal fremja fellesinteressene til foreldra, og skal medverka i arbeidet for eit godt skule- og barnehagemiljø, positivt samhald og trivsel. Alle foreldra er medlemmar. Foreldrerådet har eit **arbeidsutval** med representantar frå skule og barnehage, **FAU**. For at resten av foreldregruppa skal få god kjennskap til FAU sitt arbeid, legg me ut møteinnkalling/-referat på heimesida vår. I tillegg vil me nytta Horpestadnytt som informasjonskanal. Hugs at **alle føresette er velkomne til å koma med innspel/synspunkt om saker i FAU!** Kvart år vel ein representantar til FAU frå 1., 2., 4. og 6. trinn. Ein blir valt for to år om gongen. 1. trinn blir valde for eitt år. Valet skal vera gjennomført innan 15.juni.

SAMARBEIDSUTVALET

Samarbeidsutvalet (SU) er øvste organ og har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen og barnehagen. Utvalet har representantar frå foreldre, tilsette, elevar samt rektor og ein politkar. Alle har teieplikt. Samansetjinga er slik:


- 2 foreldrerepresentantar frå FAU
- 3 representantar frå skule/barnehage/SFO
- 2 elevrådsrepresentantar
- 2 kommunale representantar (rektor samt Solbjørg Wiig)

FORELDREKONTAKTAR

Kvart trinn samt barnehage og SFO har sin foreldrekontakt. For å få god kontinuitet i arbeidet, blir foreldrekontaktane valde for to år (med unntak av 7. tr.). Ein vel foreldrekontaktar på 1., 3., 5. og 7. trinn. I barnehagen og SFO vel ein foreldrekontakt kvart år. Dette skjer på foreldremøte om våren.

ELEVRÅD

"Elevrådet skal fremja fellesinteressene til elevane på skulen og arbeida for å skapa godt lærings- og skolemiljø" (sitat Opplæringslova). Skulen har eit elevråd med representantar frå 4.-7. trinn. Elevrådskontakt er Jeanette Ødegård. Elevar frå 3. trinn er med som observatør. Elevrådet har møte måndagar kl. 13.10-13.55 anna kvar veke.



PLAN OVER SKULEHELSETENESTEN VED HORPESTAD SKULE HAUSTEN 2011

Skulehelsetenesta sjå oss består av lege Randi Schreiner og helsesyster Helga Bentsen. Direkte telefonnummer tysdag 5178 62 65

Helsesyster vil vera på skulen kvar tysdag kl 08.30 - kl 13.00.

Har de saker de vil drøfta med helsesyster, anten det gjeld born som går i barnehage eller på skulen, er det bare å ta kontakt.

Skulehelsetenesta sine oppgåver:

- Helseopplysning - individuelt og i grupper/trinn
- Tverrfagleg samarbeid
- Vaksinasjon
- Helseundersøking
- Vera "nokon å snakka med" ha ei "open dør"

- Oppfølging og evt.henvising av elevar ved behov
- 4 årskontroll i barnehagen

Skulehelsetenesta har som mål å forebyggja sjukdom og fremja helse. Me er avhengig av eit godt samarbeid med barnet, føresette og personalet ved skulen for å oppnå dette. Difor oppfordrar med dykk til å kontakta helsesyster ved behov. Ved behandling av akutt sjukdom er det barnet sin fastlege som skal kontaktast.

Skulehelseprogram barneskulen:

1. trinn

Eventuelt vere til stades på foreldremøte om hausten : Dele ut skuleprogram.

2. trinn

DTP- pol vaksine (difteri, stivkrampe, kikhoste og polio)

3. trinn

Dele ut " Til foreldre og føresette på 3. trinn"

Vekt- og høgdemåling

Eventuelt helseopplysninger i trinn/grupper etter avtale med lærar

5.trinn/6. trinn

Helseopplysninger i trinn/gruppe etter avtale med lærar: **Tema pubertet**

6. trinn

MMR-vaksine (meslinger, røde hunner og kuma)

7. trinn

Høgdemåling

HPV-vasine (Humant papillomavirus) til jenter. 3 doser

Journalen til barnet vil bli overført frå barneskule til ungdomsskule etter 7. tr. Har de spørsmål i samband med dette, ta kontakt med helsesyster."

UTDELING AV MEDISINAR I BARNEHAGEN OG SKULEN

Å gje barn medisin i barnehage og skule er i dei seinare år blitt meir vanleg. Til dømes ser me ei auka utvikling av astma og allergi, som fører til at barn må ha medisin også medan dei er på skule eller i barnehage. Etter samråd med kommunelegen har barnehagane og skulane kome fram til at nærare retningslinjer er naudsynt. Ta kontakt dersom dette er aktuelt.

RESSURSGRUPPE

Barn kan få ulike problem. Problema kan vera samansette. Dei kan vera av helsemessig, pedagogisk, psykologisk eller sosial art. Det er stundom naudsynt med kunnskap frå mange felt for å kunna hjelpa barnet. Det er difor ved kvar barnehage, skule og helsestasjon oppretta eit tverretatleg utval - ressursgruppe - for å ta seg av samansette problem. Målsetjing for gruppa er å driva fysisk, psykisk og sosialt førebyggjande arbeid, gje råd og samordna tiltak overfor barn frå 0-16 år. Gruppa har representantar frå barnehagen, skulen, pedagogisk psykologisk teneste, helsestasjon og barnverntenesta. Ved behov vert andre faginstansar kalla inn. Eit barn vert ikkje oppmeldt sjølv om ein ber om eit slikt



møte. Alle som tek del i gruppa har teieplikt. Før namngjevne barn vert drøfta, skal foreldre/føresette ha gjeve samtykkje. Dei skal verta orientert om gruppa sine vurderingar. Foreldre/føresette kan møta i gruppa. Dersom de ønskjer kontakt med ressursgruppa kan de ta kontakt med barnehagen eller skulen.

MILJØRETTA HELSEVERN

Horpestad skule og barnehage har prosedyrar og dokumentasjon for å sikra eit godt og trygt arbeidsmiljø for barn og vaksne. Føremålet med HMS-forskrifta er m.a. å bidra til at miljøet på skulen og i barnehagen fremjar helse, trivsel og førebyggjer sjukdom og skade. Konkrete HMS-rutinar vert regelmessig gjennomgått med personalet.



Zero programmet til Horpestad skule og barnehage til hausten.

Me er no blitt ein Zero skule. Her tolererer me ikkje mobbing og anna form for uønska adferd. Skulen har laga ein plan for koss med møtar elevar som blir mobba og som er mobbar. Handlingsplanen mot mobbing er å finna på minskole/horpestad sine sider. La oss gå inn for eit mobbefritt miljø her på Horpestad. Om de heime høyrar eller ser noko, så gji beskjed til kontaktlærer eller sosiallærer på skulen, slik at me kan følgje det opp på skulen.

http://saf.uis.no/vi_tilbyr/programmer/zero/

FORSIKRING

Elevane er omfatta av Yrkesskadetrygda for skuleelevar i Folketrygda. Yrkesskadetrygda omfattar nødvendig medisinsk hjelp, tannbehandling m.v. Barnehagebarn er forsikra i Gjensidige via WACO. Dersom skade oppstår, må ein sjå kva reglar som gjeld for det konkrete tilfellet.

ANSVAR FOR PRIVATE EIGEDELAR

Barn har sjølv ansvar for alle private eigedelar som dei tek med på skulen eller i barnehagen.

MERKING AV KLEDE

Me kan ikkje understreka nok kor viktig det er å **merka klede til barna med namn**. Skriv namnet direkte på vaskelappen, eller lag ferdige namneetikettar. Kontakt gjerne barnehagen eller SFO for å få bestillingsliste på etikettar.



SØKNAD OM FRI FRÅ SKULEN

Skulen må ha skriftleg søknad frå føresette dersom elevar skal ha fri utanom det som er fastsett i skuleruta. Kontaktlærer kan gje permisjon t.o.m. to dagar. Rektor kan gi fri inntil to veker om gongen. Frå og med skuleåret 2010/2011 vil kvar enkel søknad bli behandla individuelt. Det er ikkje automatikk i at alle søknadar blir innvilga. Søknad om fri lengre enn 10 dagar, fins der ingen hjemmel i lova at me kan godkjenne. Desse vil få avslag. Foreldre har ansvar om å ta kontakt med kontaktlærer om vekeplan/arbeidsplan for den tida dei er borte. Det er elev og foreldre sitt ansvar at det avtalte arbeidet vert gjort til avtalt tid. Rektor som skuleleiar anbefalar ikkje at de tek borna ut av skulen utanom skuleruta.

SKULESKYSS

Hovudregel er at elevar på 1. trinn har rett til skuleskyss dersom avstanden mellom bustad og skule er meir enn 2 km (kortaste alminnelege gangavstand). Elevar på 2.-10. trinn har rett til skuleskyss dersom avstanden overstig 4 km. Elles kan ein få skyss dersom vegen er klassifisert som svært trafikkfarlige. For 2011/2012 vel Columbus å sette opp buss til 1.trinns elevar tysdag, (12.30) torsdag (12.45) og fredag (12.20). til Kleppevanden. Om andre barn ved skulen ønsker å sitte på med bussen, må dei sjølv ordna seg kort ol. Om ein vel å ta sykkel med på bussen av og til, må ein betale barnebillett for den.



Merk: Elevar frå Kleppevarden må stå godt inne på bussholdeplassen og venta når bussen kjem om morgonen. Minn elevane på å venta roleg til bussen har stoppa. På heimvegen må dei bruka det opphøgde gangfeltet når dei har gått av bussen. Oppfordrar føresette til å sjå etter at barna fylgjer desse reglane for å skapa tryggleik rundt transporten.

TRAFIKALE FORHOLD/TRYGGLEIK PÅ SKULEVEG

Fartsgrensa forbi skulen/barnehagen er 50 km/timen. Det er ganske mykje tungtrafikk på denne vegen. For at levering- og hentesituasjon skal skje under sikre forhold for barna våre, er det svært viktig at de som føresette nyttar parkeringsplass/undergang. Berekn god tid og ver ekstra merksam når de bringer/henter barnet.

No når hausten er rett om hjørnet, er det svært viktig at sykkelen er i god stand og godt utstyrt med lys og refleksar. Elevane som går/syklar bør bruka refleksvest og ikkje minst sykkelhjelm. På turar i skulen sin regi **må** barna bruka sykkelhjelm. Elevrådet har to ekstra hjelmar dersom nokon har gløymt sin heime.

BIBLIOTEK

Me har skulebibliotek kor barna kan låna bøker. Av og til nyttar me oss av biblioteket på rådhuset. Fint om de som føresette minner barna om å returnera bøkene når dei har lånetid. Oppmuntra barnet dykkar til å lesa bøker!

FOTOGRAFERING

Kvart år har me fotografering av barnehagegruppa, 1. og 7. trinn. Ein tek gruppe- og enkeltbilete. Det er sjølvsgatt valfritt om, og evt. kor mange bilete ein vil kjøpa.




MJØLK-/FRUKT ABONNEMENT PÅ INTERNETT

Eit godt og sunt måltid midt på dagen er av stor betydning for barna. Alle elevane ved skulen har tilbod om å abonnera på mjølk og/eller frukt. Me tilbyr H-mjølk og lettmjølk. Mjølk bestiller ein sjølv på www.skolemelk.no. Frukt bestiller ein også direkte på nettet, www.skolefrukt.no Eige skriv om ordninga/påmelding er sendt ut.

SYMJING


For 1.steg vil det i skuleåret bli symjing ca. 6-8 gonger i løpet av skuleåret. Desse symjeøktene vil koma i dei periodane elevane ikkje er på uteskule og plan for dei kjem i løpet av september.



Fokus i symjinga for 1.steg vil bli vannleik og tryggleik. Har du ein elev som er glad i symjing eller er litt usikker i vatn, så anbefaler skulen at dykk går jevnleg i symjehallen på fritida eller blir med i ein symjeklubb, for det er som sagt ikkje meir enn 6-8 gonger med symjing for 1.steg. Symjinga vil liggja på fredagen.

FERDASKRIN

Ferdaskrinet skal vera eit "skrytealbum"/evalueringsverktøy på det arbeidet barnet/eleven har gjort, og dokumentera utviklinga i læringa. Barna arbeider med ferdaskrinet sitt etter oppsett plan. Dette arbeidet skjer både i barnehagen og på skulen. Ferdaskrinet vert vist fram under foreldresamtalar.



MANGE INTELLIGENSAR (MI)


Alle barn er glupe - men ingen er glupe i alt!

Alle er glupe! Alle har nokre sterke sider! Alle får til noko!

Sats på det du er god til i staden for å vera opptatt av kva du ikkje får til.

Satsar du på det du er god til, kan det og bli lettare for deg å styrka dei sidene som du er mindre god på. Samtidig kan du bli betre på det du liker og det du kan.

Denne tanken dannar eit bakteppe for det arbeidet me gjer i skulen og barnehagen. MI handlar kort fortalt om meistring, læring og trivsel. Ein hjelper barnet med å finna dei sterke sidene, samt ser korleis det kan utvikla seg på andre område. Målet er å verta betre på flest mogleg område, og ein legg opp arbeidet etter dette.



VERKSEMDSPLAN 2011/2012

I verksemdsplanen har me tre satsingsområder:

- Lesing i alle fag/Leselos
- Zero
- Vurdering for læring

I planen er det sett opp tiltak for å nå desse måla, samt retningslinjer for evaluering undervegs. Verksemdsplanen ligg i sin heilhet på heimesida vår, www.minskole.no/horpestad, eller ein kan ta kontakt med kontoret for å få ein kopi.

SKOLENETTET

Skolenettet.no er Utdanningsdirektoratet si teneste for elevar, lærarar, skuleleiarar, foreldre og andre som er interesserte i skule og læring. Dette er ein nettportal med mykje nyttig informasjon og lenker til andre nettstader.

SKULERUTE

Skuleruta for Klepp kommune finn de på www.Klepp.kommune.no under kommunale tilbud.

FORVENTNINGSSKJEMA

Forventningsskjema for elevar, føresette og lærarar ligg på www.minskole.no/horpestad og dette skjemaet skal fyllast ut av elevar, føresette og lærarar på foreldremøtet i september. Dykk får utdelt dette skjemaet på møtet.

Samværs- og ordensreglar for Horpestad skule og SFO

Elevar, foreldre og lærara er med på å lage samværs- og ordensreglement for Horpestad skule

På vår skule har både born og vaksne ansvar for at alle har det bra. Me har klare og tydelege reglar som er enkle å forstå og følgje.

Her er dei 3 viktigaste reglane som alle må læra godt:

NEI TIL VOLD!
NEI TIL MOBBING!
JA TIL ARBEIDSRO!

Opplæringslovens § 2-9 sier:

"Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.

Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å

forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.”

Og § 9a-1 seier vidare:

”Alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmar helse, trivsel og læring.”

SLIK HAR ME DET PÅ HORPESTAD SKULE:

- Zero – nulltoleranse for mobbing/plaging.
- Me har arbeidsro under undervisning.
- Me går roleg, inn og ut, i klasserom og gangar.
- Me held skulen rein og ryddig.
- Me tar av oss yttertøy og utesko i gangen. Inne bruker me berre innesko.
- Me heng klede og set frå oss sko på plassen vår.
- Me har lov til å spele og lese bøker i mediateket/biblioteket, men me brukar stillestemme.
- Me er stille og rolege hvis me får lov å være inne i klasserommet i friminutta.
- Me følgjer skulens internett-regler!
- Me held oss på skulens område.
- Ingen bannar, gjer stygge teikn eller bruker fysisk vald.
- Ingen skal kjenne seg utanfor. Alle får vera med på leiken med jamnaldrande hvis dei spør fint.
- Me hjelper kvarandre.
- Me passer på at uteområda er fri for søppel og ødelegger ingen ting.
- Me brukar ikkje rulleskøyter, sparkesykkel eller sykkel på skolens område frå 0730 til 1630.
- Me fylgjer reglane som er laga for dei forskjellige apparata ute.
- Snøballkasting kan bare foregå på grasbanen.

TIL OG FRÅ SKULEN: FORELDREANSVAR/FELLES ANSVAR

- Alle som sykklar til og frå skulen bruker hjelm og refleksvest.
- Når me kjem frå Kleppevarden kryssar me vegen ved det nye skiltet som står på sykkelstien.
- Me slår følge med kvarandre og hugsar at alle har rett til å koma seg trygt til og frå skulen.
- Me brukar undergangen når me skal kryssa vegen.
- Me sit fint på setet utan å forstyrra bussjåføren når me tar bussen.

KVA SKAL DEI VAKSNE GJERA I FRIMINUTTA?

- Dei vaksne har på seg gule refleksvestar og kjem så *raskt dei kan* når nokon treng hjelp.
- Dei vaksne passsar på kvar sitt område og ser til at alle er innanfor skuleområdet.
- Dei vaksne kan bruka elevar på mellomtrinnet som hjelpevakt/aktivitetsleiar.

KVA KAN ME TA MED PÅ SKULEN?

Skulen er ikkje ansvarleg for verdisaker du har med heimefrå

Det er lov å ha og bruke mp3-speler, elektroniske kjæledyr, leiker og spill ute i friminutta på eige ansvar.

Når me er inne har me leikene oppi sekken. Er dei framme i timane blir dei tatt hand om av læraren.

Mobiltelefonen skal liggja avslått i sekken. Dersom ein lærar ser at den blir brukt i skuletida blir den tatt hand om av læraren. Eleven sine føresette/foreldre må koma å henta mobilen på rektor sitt kontor dagen etterpå.

Dersom me har melding heimefrå kan me ta med halstabletter.

KVA KAN ME IKKJE TA MED PÅ SKULEN?

- Snop og tyggi.
- Ting som kan skada oss sjølv eller andre.
- Leikevåpen
- Me har nulltoleranse for røyk og rusmidler.

KVA SKJER VED BRUDD PÅ SKULENS ORDENSREGLEMENT?

- Ved brudd på samværsreglane vil skulen setja i gang tiltak.
- Tiltaka skal gjelda eleven/elevane som har brutt reglane og ikkje heile elevgruppa.
- Tiltak som kan settjast inn er lista opp nedanfor, men skulen kan og velgja andre tiltak viss skulen ser det som forholdtjenelig.
- Ved alvorlege eller gjentekne brudd på samværsreglane skal føresette kontaktast slik at skulen i samarbeid med føresette kan settja inn tiltak.
- Dersom materiell/utstyr blir øydelagt eller mista kan eleven bli erstatningsansvarlig. Føresette er erstatningsansvarlige etter skadeerstatningslovens § 1–2 for inntil kr. 5.000.

| KONSEKVENS (-AR) | ANSVARLEG FOR KONSEKVENSEN |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none">• bortvisning fra friminutt (-er)• bortvisning fra enkelttimer<ul style="list-style-type: none">• bortvisning fra resten av dagen• Inndragning av tlf for resten av dagen. Hentes av foresatte – kontaktlærer• sitte igjen etter skoletid• sitte inne i friminutt (-er)• fratas attraktive aktiviteter, timer• erstatning av ødelagte ting og gjenstander• rydde opp etter seg eller utbedre skader• hentes av foresatt(-e)• skriftlig melding heim• beslaglegging av våpen eller farlige gjenstander• Anmeldelse av straffbare forhold | <ul style="list-style-type: none">• Kontaktlærer• Kontaktlærer<ul style="list-style-type: none">• Rektor• Kontaktlærer eller faglærer • Kontaktlærer• Kontaktlærer, faglærer• Kontaktlærer• Kontaktlærer, rektor• Kontaktlærer, faglærer, tilsynslærer• Kontaktlærer• Kontaktlærer• Kontaktlærer, faglærer, tilsynslærer• Rektor |

På vår heimeside finn du meir om skulens reglar og planar <http://www.minskole.no/horpestad>

Du kan lesa meir om ordensreglement i Opplæringsloven §§ 2–9, 3–7 og 9a-1

<http://www.lovdatab.no/all/tl-19980717-061-002.html#2-9>

